



Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1461 - 22/64952

Saksbehandlar:
Eileen Feste
eileen.feste@alver.kommune.no

Dato:
29.08.2022

Straumkompensasjon til frivillige lag og organisasjonar

I St prop. 58S - *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Kultur- og likestillingsdepartementet (midlertidig tilskuddsordning for frivillige organisasjonar som følge av ekstraordinære strømpriser)*, vedtok Stortinget ei eige straumpakke for idrettslag og andre frivillige organisasjonar. Kommunane skulle forvalte ordninga og søknadar skulle sendast direkte til kommunane. Alver kommune ble tildelt kr 1.239.138 til fordeling frå Kulturdepartementet. Kommunen informerte i sosiale media samt sendte ut informasjon til alle lag/organisasjonar.

Saksopplysningar:

Det ble etter søknad delt ut kr 732.471 i straumkompensasjon til frivillige lag/organisasjonar våren 2022. 70 lag/organisasjonar i Alver søkte og fekk midlar. I snitt fekk kvart lag om lag kr 10.463 i straumkompensasjon for perioden desember 2021-april 2022.

Differansen mellom tilskot som kom frå departementet og det vi har løyvd i støtte, utgjør kr 506.667. Dette er midlar som skal tilbakeførast Kulturdepartementet i lag med sluttrapport.

Regjeringa har vidareført tilskotsordning for frivillige organisasjonar som følgje av dei ekstraordinære strømprisane til og med mars 2023. I første tilskotsperiode desember 2021–mars 2022 blei tilskotsordninga forvalta av kommunane. Regjeringa har bestemt å forlengje tilskotsordninga til og med mars 2023, og har vedteke ei ny forskrift for tildelinga av tilskotet. I perioden april 2022–mars 2023 vil tilskotsordninga bli forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Ei viktig endring er at det er Lotteri og Stiftelsestilsynet som skal forvalte ordninga, ikkje kommunane.

